

Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Bergen

Dalekvam 1. oktober 2015

Hordaland fylkeskommune

05 OKT 2015

Almenne kulturføremål

I Vaksdal kommune, Hordaland, skipa vi for sju år sidan eit kunstlag, med det føremål å villa setja lys på billedkunsten lokalt, atvisera dei som hadde sete kring om i distriktet vårt og måla åleine, og stimulera interessa for bildande kunst hjå medlemmer og folk i bygda.

Heilt frå tekstilstaden Dale si byrjing i 1879 har interessa vore stor når det galdt idrett og musikk. På desse felta har vi hatt ein sterk tradisjon. Sans for billedkunst og rom for å utøva denne kunstarten har mest vore ikkje-eksisterande. Vi som starta Kunstlaget i Vaksdal trur at vi har greidd å samla dei som har interesse og evne for måling, med kurs, sosiale samlingar omkring eit tema og reiser for å sjå kunstutstillingar. I desse åra har vi hatt mange utsillingar lokalt, dei siste åra i vårt eige vesle galleri i hovudgata på Dale, «Galleri Gatå», som vi òg har nytte til atelier.

Utan basarar to gonger i året hadde vi ikkje greidd å betala husleige og straum i galleriet vårt. Nå er bygningen der vi held til seld, og vi må finna nye lokale. Vi er pr. i dag 19 medlemmer. Vi trur vi har greidd å heva medvitet omkring billedkunst i vårt område. Men økonomien er dårleg.

Vi tillet oss difor å søkja Hordaland Fylkeskommune om tilskot.

Med vennleg helsing for Kunstlaget i Vaksdal

Åse Lilleskare Faugstad

Åse Lilleskare Faugstad (styremedlem)